

Innhaldsrikt hus med panoramautsikt vert vurdert seld i Halsabrotet.

21.10.2020



Stort og innhaldsrikt hus er lagt ut for sal i Halsabrotet byggefelt i Uskedalen.

Eit stort og innhaldsrikt hus med panoramautsikt vert vurdert seld i Uskedalen. Tomta, som ligg i byggefeltet Halsabrotet, er på heile 1113 rutemeter. Det er panoramautsikt mot Storsund, Skorpo og Hardangerfjorden. I vest ligg dei ruvande fjella Ulvanoso, Englafjell og Manen. Det er kort veg til sentrale sentrumsfunksjonar, badestrand og merka turveggar og stiar til utmark og fjell.



Huset ligg solrikt til på ei tomt med panoramautsikt mot nord og vest.

Huset har totalt 7 soverom, 4 i øvre etasje, 1 i hovud etasje og 2 i kjellar. Det er 2 bad i hovudetasje, 1 bad i kjellarer som ikkje er innreda enno, manglar berre plater på vegger/tak, og golvbelegg/fliser. Varmekablar er støypt inn.

Huset har 2 stk varmepumper, 1 i stove og 1 i kjellar/gang nede. Det er stor kjellarstove på over 30 m², 2 bodar i kjellar og 1 kontor/hobbyrom.

Hus er frå 1913, restaurert, påbygg ferdig 2005. Arealet på hus er 2 x 140 m² og 1 x 80 m², pluss stoveloft der det er ca 190 cm takhøgdi i midten på 'gamlehuset'. Huset er malt kvitt i 2017.

På tomte ligg ei lita leikehytte/bod nedanfor parkeringsplass. Opparbeid hage med stor plen og blomebed. Det er kort veg til skule/barnehage, butikk, båthamner, aktivitetshus, grøntgrasbane og leikepark. Gangveg frå hus til skule/barnehage og butikk, også gangveg til byggefeltet Ospelunden og Korsnes/Skorane.

Interesserte kan kontakta Gørill Samland Eik eller Espen Eik.

Tekst: Kristian Bringedal, henta frå Facebook.

Foto: Espen Eik

Nett: Kristian Bringedal



Interiørbilete med sikt mot Skorpo og Hardangerfjorden.